



Lillian Sigfrid Myrmel
Sætremarka 34
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9990 - 20/33302

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
04.06.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 30/9 Myr (Dalsgrend)

Tiltak: Avvik i septiktank
Byggjestad: Gbnr: 30/9
Tiltakshavar: Lillian Sigfrid Myrmel

Alver kommune har den 19.05.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved tømning same dagen vart registrert lekkasje i begge kammer i septiktanken på eigedommen din, med adresse Mykingvegen 901, 5913 Eikangervåg. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke. Det vart og rapportert om at det var vanskeleg tilgjenge til tanken, då den måtte gravast fram.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7.

Begge tilstandar må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 02.08.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøve, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen og tilkomst til tanken er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Lillian Sigfrid Myrmel

Sætremarka 34

5943

AUSTRHEIM